



Refsdal Maskin  
Uglåsvegen 82  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5666 - 21/78885

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
22.11.2021

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 44/10 Skauge

**Administrativt vedtak: Saknr: 1262/21**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Refsdal maskin dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 19.12.2026 for gbnr 44/10 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

### Saka gjeld:

Foretaket **Refsdal maskin** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 44/10. Dagens driftsomsfang er 48 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel.

Søker eig 10,2 daa fulldyrka mark, 8,7 daa overflatedyrka mark og 2,3 daa innmarksbeite.

Foretaket brukar 200 kg kunstgjødsel på all dyrke mark og deler av utmarka.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
200	18-3-15	110	All dyrka jord og deler av utmarka	1,8	0,3	0,05	0,27

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.  
GDE = 6,8 minus frådrag for beitetid blir 0

**VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande deleberingsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/5666 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Refsdal Maskin

Uglåsvegen 82

5957

MYKING